
Vår referanse 2021/46662-3
Dato 29.09.2021

DIDRIK HÅLAND SOLBERG
RADØYVEGEN 3065
5939 SLETTA

Svar på søknad om utvida bruk av avkøyrslse - fv. 5484 - gnr 415 bnr 8 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 09.09.2021

Saka gjeld

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslse for ei ny bueining ved fylkesveg 5484 Radøyvegen, Alver kommune.
Grunneigar vil dele frå bustaden Radøyvegen 3067 frå eigedomen gnr 415 bnr 8 i Alver Kommune.

Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslse frå fylkesveg 5484 til den nye frådeltede eigedomen frå gnr. 415 bnr 8 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med forskrift om alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslser frå offentleg veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrslses saker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.

Vilkår for løyvet

1. Løyvet gjeld tilkomst til den nye frådeltede bueininga frå eigedomen gnr 415 bnr 8 i Alver kommune.
2. Løyvet gjeld utvida bruk av eksisterande avkøyrslse slik ho er utforma.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslse, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslsa har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrslse til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til fri sikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Fylkesveg 5484 har haldingsklasse «mindre streng» jf. rammeplan 2021-2024 for avkøyrsløse og byggegrensar. ÅDT på staden er 400 og fartsgrensa er 50 km/t.

Etter å ha undersøkt eksisterande avkøyrsløse på kart har vi vurdert at det ikkje er nødvendig med utbetringstiltak. Avkøyrsløse ligg på en slak bakke der ein har tilstrekkeleg sikt og svingradius.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tommy Stamnesfet Loddengaard
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift